

NORGES BONDELAG



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Vår saksbehandler
Hildegunn Gjengedal
22 05 45 50

Vår dato
11.12.2012
Deres dato
30.10.2012

Vår referanse
12/01438-2
Deres referanse
201201410

Høyring av forskrift om fastsetjing av nedsette tollsatsar ved import av industrielt bearbeidde landbruksvarer

Viser til høringsbrev av 30.10.12 om forslag til ny forskrift om RÅK-importen.

Norges Bondelag stiller seg i hovudsak positiv til den nye forskrifta. Som brevet indikerer dreier endringane seg stort sett om forenkling og opprydding av vareomfang.

Det er positivt at SLF vil skjerpe kontrollen med råvareinnhaldet i RÅK-vara. Det er også positivt at regelverket blir forenkla og betre tilpassa dagens behov.

Vi vil likevel uttrykke ein viss uro over å flytte meir av den delegerte tollforvaltinga frå SLF til Tolldirektoratet. Det er viktig at ein ser heile regelverket i samanheng og tek omsyn til næringspolitiske sider ved kontroll av aktørane. SLF har ansvar for både næringsinteresser og marknadsovervaking, og har difor ein heilskapleg oversikt som eignar seg godt til denne oppgåva. Viss deler av ansvaret blir overført til Tolldirektoratet, er det viktig med eit tett samarbeid mellom SLF og Tolldirektoratet, og god kontroll med importen.

Med venleg helsing

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Anne Thorine Lundstein

Hildegunn Gjengedal

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO

Norges Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Landbrukets Hus,
Schweigaardsgate 34 C
0191 OSLO

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Telefon:
22 05 45 00

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto:: 8101.05. 91392

E-postadresse:
bondelaget@bondelaget.no

Internett:
www.bondelaget.no